



Ole Hjelmås
Hjelmåsen 45
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/16209 - 20/72073

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
knut.bjornevoll@alver.kommune.no

Dato:
12.11.2020

Vi treng fleire opplysningar til søknad om arealoverføring - gbnr 202/4 Hjelmås

Tiltak: Arealoverføring
Byggjestad: Gbnr: 202/4
Tiltakshavar: Ole Hjelmås
Ansvarleg søkjar:


Kommunen stadfestar å ha mottatt søknaden om arealoverføring den 25.09.2020.
Vi beklagar sein tilbakemelding.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- **Søknad om dispensasjon frå arealformålet**
i reguleringsplanen frå trafikkformål (veg og annan veggrunn – grøntareal) til bustadformål. Vi er positive til å godkjenna arealoverføring av den delen av arealet som er regulert til veg, altså berre ein liten del av det omsøkte arealet. Resten må ligga att til grøntareal, i samsvar med reguleringsplanen.
- **Ny situasjonsplan**
som viser redusert areal.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **12.12.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til behandling ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.



Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottaks kontroll. Vi oppmodar sækjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Saksbehandlingsfrist

Tidsfristar for saksbehandling går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig behandla.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kryss Helleåsen grunnkart
Kryss Helleåsen ortofoto
18.+Dispensasjon+-+rev+desember+2017 (2)

Kopi til:

Helge Ånensen

Apalen 20

5915

HJELMÅS

Mottakarar:
Ole Hjelmås

Hjelmåsen 45

5915 HJELMÅS